



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	12.03.2019
Tid:	13:30 – 18:25

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Olaug Andreassen	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Stig Arne Helsem Sævik	Camilla Storøy	H
Margaret Leinebø	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Jens Terje Johnsen	Per Kristian Furø	AP
Leiv Aarflot	Olaug Andreassen	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Kjell Runde og Svein Gjelseth

Svein Gjelseth fekk permisjon kl. 17:45 etter handsaming av F-sak 56/19.

F-sakene 37/19 og 38/19 vart handsama til slutt i møtet. Dei andre sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.

Orientering:

- Startlån – v/eigedomsløiar Robert Myklebust
- Kontorlokale til Herøy og Sande Lensmannskontor v/eigedomsløiar Robert Myklebust

underskrifter

Svein Gjelseth

Arnulf Goksøyr
ordførar

Kjell Runde

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 33/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 34/19	Protokoll frå førre møte
PS 35/19	Delegerte saker
PS 36/19	Referatsaker
PS 37/19	Offl. § 13 j fvl § 13 - Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering.
PS 38/19	Offl. § 13 j fvl § 13 - Søknad førehandsgodkjenning av startlån og tilskot etablering
PS 39/19	Retningsliner for framføring av meirforbruk og mindreforbruk.
PS 40/19	Kjøp av Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn
PS 41/19	Oppstart av planarbeid - Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn - Nørvågen
PS 42/19	Detaljreguleringsplan for Sævikane gnr. 11 bnr. 6 - oppstart av planarbeid
PS 43/19	Søknad om løyve til oppstart av privat planarbeid. Dragsund 45/56, ved gamle Sporstøl bilverkstad.
PS 44/19	Privat detaljreguleringsplan for Budaneset rorbuer. Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn.
PS 45/19	Vedtak om høyring/offentleg ettersyn for privat reguleringsplanforslag. Massetak i Sandvika på gnr. 59 bnr. 1.
PS 46/19	Detaljreguleringsplan Runde Panorama - utlegging til offentlig ettersyn
PS 47/19	Slutthandsaming: Reguleringsendring for Bergshaugen nord (gbnr 28/6)
PS 48/19	Detaljreguleringsplan for Nærøya - slutthandsaming
PS 49/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 50017 - hurtigladar for elbil i Fosnavåg parkeringshus
PS 50/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 18001 - Telenor basestasjon på Runde
PS 51/19	Grunnkjøp Stokksund bustadfelt
PS 52/19	Reservasjon av næringstomt på Mjølstadneset - Ko&Ko AS
PS 53/19	Reservasjon av næringstomt på Mjølstadneset
PS 54/19	Samarbeidspilot Herøy - skule og arbeidsliv i Herøy
PS 55/19	Innkjøp av skulebøker og læremateriell
PS 56/19	Revidering av retningsliner for tildeling av kulturmidlar Delegerte saker frå avdelingane
DS 4/19	Serveringsløyve - melding om endring av styrar

Referatsaker:

- RS 10/19 Fylkesprisen Årets Bedrift i 2018 – oppmoding om forslag
- RS 11/19 Melding fra Fylkesmannen
- RS 12/19 Arrangement på frigjerings- og veterandagen 8. mai.
- RS 13/19 Program og påmelding til nasjonal klimaomstillingskonferanse
- RS 14/19 Beslutninger fra Politidirektoratet om endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt
- RS 15/19 Referat frå møte om Mjølstadneset 19.02.2019
- RS 16/19 Referat frå informasjonsmøte om gravplassanalyse 11.02.2019

PS 33/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 34/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå forrige møte låg føre.

PS 35/19 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 36/19 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 37/19 OFFL. § 13 J FVL § 13 - SØKNAD OM FØREHANDSGODKJENNING AV STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING.

PS 38/19 OFFL. § 13 J FVL § 13 - SØKNAD FØREHANDSGODKJENNING AV STARTLÅN OG TILSKOT ETABLERING

PS 39/19 RETNINGSLINER FOR FRAMFØRING AV MEIRFORBRUK OG MINDREFORBRUK.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

Kommunestyret vedtek at det som ei prøveordning for 2019 vert oppretta sektorvise disposisjonsfond der 60 % av eit eventuelt mindreforbruk i rekneskapsåret vert overført til sektoren sitt disposisjonsfond. Tilsvarande må sektorane dekkje 20 % av eit eventuelt meirforbruk påfylgjande budsjettår. I ei evalueringa i etterkant bør ein vurdere å auke prosentsatsane til høvesvis 80 % og 40 % for budsjettåret 2020.

Det vert elles vist til vurderingane i saksutgreiinga.

PS 40/19 KJØP AV BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt nytt framlegg:

«Herøy formannskap ber administrasjonen gå i forhandlingar med Kystverket om overtaking av dei statlege fiskerihamnen: Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn.»

Framlegget frå Arnulf Goksøyr vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy formannskap ber administrasjonen gå i forhandlingar med Kystverket om overtaking av dei statlege fiskerihamnene: Bøvågen, Kopperstad, Runde, Sandebukta og Skorpa fiskerihamn.

PS 41/19 OPPSTART AV PLANARBEID - DETALJREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN - NØRVÅGEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova §12-8, å melde oppstart av planarbeid (detaljregulering etter pbl. 12-3) for Fosnavåg hamn – Nørvågen.

Regionale mynde og berørte partar skal varslast om oppstart i eige brev med seks veker frist for innspel.

PS 42/19 DETALJREGULERINGSPLAN FOR SÆVIKANE GNR. 11 BNR. 6 - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Stig Arne Helsem Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er nabo til dette området og medeigar i eit naust. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Stig Arne Helsem Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl. §6a.

Planleggar Erlend Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Arnulf Goksøyr (H) kom med framlegg om å utsette saka til neste møte, ønskjer synfaring og meir orientering.

Framlegget frå Arnulf Goksøyr vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Saka vert utsett.

PS 43/19 SØKNAD OM LØYVE TIL OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID. DRAGSUND 45/56, VED GAMLE SPORSTØL BILVERKSTAD.

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy formannskap vedtek, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, å gi løyve til oppstart av privat planarbeid for Dragsund gnr. 45 bnr. 56.

**PS 44/19 PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUDANESET RORBUER.
VEDTAK OM UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.**

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy formannskap vedtek å legge privat planforslag for Budaneset Rorbuer ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

**PS 45/19 VEDTAK OM HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN FOR PRIVAT
REGULERINGSPLANFORSLAG. MASSETAK I SANDVIKA PÅ GNR. 59 BNR.1.**

Møtebehandling:

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy kommune vedtek å legge planforslag for Sandvika gnr. 59 bnr. 1 ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Plankart, føresegner og planomtale datert 04.02.2019 er gjeldande.

**PS 46/19 DETALJREGULERINGSPLAN RUNDE PANORAMA - UTLEGGING TIL
OFFENTLEG ETTERSYN**

Møtebehandling:

Ordførar Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er tiltakshavar i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl §6a.

Planleggar Tanja Rafteseth møtte og orienterte i saka.

Ole Brubakk vart samrøystes vald som setteordførar.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Runde Panorama vert lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

PS 47/19 SLUTTHANDSAMING: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD (GBNR 28/6)

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Vikestrand møte og orienterte i saka.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt nytt framlegg:
«Formannskapet viser til gjeldande reguleringsplan og held seg til denne. Søknad frå tiltakshavar kan såleis ikkje imøtekomast.»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.
Dei 3 røysta for framlegget frå Svein Gjelseth.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

Kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-14, reguleringsendring for Bergshaugen Nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) med plankart og føresegner datert 28.02.2019.

Del av Områdeplan for Indre Bergsøy (plan ID 201247) som reguleringsendring for Bergshaugen Nord får konsekvensar for, vert oppheva, i medhald av plan og bygningslova §12-14.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato. Klaga skal stillast Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er klageinstans og sendast Herøy kommune.

PS 48/19 DETALJREGULERINGSPLAN FOR NÆRØYA - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Vikestrand møte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

1. *Detaljreguleringsplan for Nærøy* med plankart datert 18.07.2018 og reguleringsføresegner datert 21.02.2019 blir vedteken.
2. Delar av *Detaljreguleringsplan - bustadområde på Nærøy*, planID 201275 som ny *detaljreguleringsplan for Nærøy*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 49/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 50017 - HURTIGLADAR FOR ELBIL I FOSNAVÅG PARKERINGSBUS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 268.575,- kr.
2. Det vert gjort slik budsjettendring:
 - Til: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 50017 - kr. 268.575,-
 - Frå: konto 02300, ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70008 (byutvikling) - kr. 268.575,-

PS 50/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 18001 - TELENOR BASESTASJON PÅ RUNDE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit samla forbruk på 902.767,- kr.
2. Mindreforbruk på 97.233,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

PS 51/19 GRUNNKJØP STOKKSUND BUSTADFELT

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

Kommunestyret godkjenner tilbodet frå Opplysningsvesenets fond (OVF) om å kjøpe heile området som vist på kartutsnittet for ein samla sum kr 4.100.000 for å legge til rette for utbygging av Stokksund bustadfelt i samsvar med budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. I tillegg kjem dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Grunnkjøpet vert finansiert av løyvinga til strategisk grunnkjøp, prosjekt 50153.

PS 52/19 RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET - KO&KO AS

Møtebehandling:

Ordfører Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er bror til Stine Goksøyr, eigar av Ko&Ko. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40 Fvl §6a.

Ole Brubakk vart samrøystes vald som setteordfører.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet vedtek at Ko&Ko AS får reservere tomteareal som omsøkt.

Frist for å kjøpe tomte er satt til : **30.09.2019**

PS 53/19 RESERVASON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET

Møtebehandling:

Ordfører Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er søskenbarn til eigar av Vikane Eiendom AS. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40 Fvl §6a.

Ole Brubakk vart samrøystes vald til setteordfører.

Leiar anlegg- og driftsavdelinga Fred Arnesen møtte og orienterte i saka.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:
«Formannskapet ber adminstrasjonen gå i dialog med Vikane Eiendom AS om andre tomtealternativ på Mjølstadneset.»

Framlegget frå Svein Gjelseth vart vedteken mot 1 røyst.
Den ein røysta for rådmannen si tilråding.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet ber adminstrasjonen gå i dialog med Vikane Eiendom AS om andre tomtealternativ på Mjølstadneset.

PS 54/19 SAMARBEIDSPILOT HERØY - SKULE OG ARBEIDSLIV I HERØY

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr kom med framlegg om at saka vert utsett.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Saka vert utsett.

PS 55/19 INNKJØP AV SKULEBØKER OG LÆREMATERIELL

Møtebehandling:

Innkjøpskonsulent Margrethe Stølan Steinsvik møtte og orienterte i saka.

Formannskapet kom med slikt nytt første avsnitt i rådmannen si tilråding:

«Herøy kommune tiltrer ikkje «Rammeavtalen for skulebøker og læremateriell» frå og med den 15.04.2019.

Herøy kommune vil gjennomføre eigen konkurranse for dette for skuleåret 2019/2020.

Herøy kommune vil også vurdere å køyre egne lokale konkurransar der det er hensiktsmessig.»

Formannskapet sitt felles framlegg vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 12.03.2019

Herøy kommune tiltrer ikkje «Rammeavtalen for skulebøker og læremateriell» frå og med den 15.04.2019.

Herøy kommune vil gjennomføre eigen konkurranse for dette for skuleåret 2019/2020.

Herøy kommune vil også vurdere å køyre egne lokale konkurransar der det er hensiktsmessig.»

Herøy kommune sin innkjøpsorganisering og innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune held fram som i dag.

Herøy kommune tek mål av seg å gjennomføre lokal leverandørdialog og sikre god tilgang på naudsynt informasjon om kommunale innkjøp via kommunen sine eigen nettsider i løpet av 2019.

PS 56/19 REVIDERING AV RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

Møtebehandling:

Protokoll frå KN-sak 17/19 vart delt ut.

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 12.03.2019

Formannskapet godkjenner framlegg til reviderte «Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar» med slike endringar:

- Bygdene er å forstå som: Leikong, Myrvåg, Tjørvåg, Moltu, Frøystad, Leine, Remøy, Runde, Kvalsvik, Kvalsund, Bø og Sande. Ved særskilte tilhøve kan søknadar frå Bergsøya vurderast.

- I punkt 5 vert følgjande setning teke ut: *med unntak av på Bergsøya.*

MØTET SLUTT!